*Pressemelding 12. juli 2021*

# Ein ny positiv koronaprøve i Alver

**Søndag 11. juli fekk vi melding om at ein person i Alver har testa positivt for koronavirus.**

– Personen er nærkontakt til ein smitta i ein av nabokommunane våre, og på testtidspunktet var vedkommande i karantene, seier kommuneoverlege Terese Folgerø.

Førebels veit vi ikkje om personen er smitta med deltavarianten av koronaviruset.

– Dei tre smittetilfella vi hadde i førre veke viser at det framleis er viktig å tenke på smittevern. Hugs å teste deg viss du får symptom, og last ned Smittestopp-appen så bidreg du til raskare smittesporing. Vi oppfordrar og til å ha få nærkontaktar, og om du skal treffe venner og familie i sommar - hald god avstand og ver utandørs, seier Folgerø.